

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR I 2010**

Skjema skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest.

Prosjektnamn

Betre praksis for utskriving av pasientar

Prosjekteigar (Helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjekt)

Direktør medisinsk klinikk: Arve Varden

Prosjektleder (kontaktperson)

Oversjukepleiar medisinsk sengepost, FSS: Inghild Espeland Mowatt

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.

Kvifor blei prosjektet starta?

Kartlegging hausten 2009 viste at det i føretaket er varierende og nokon stadar manglande rutinar i forhold til utskrivingsklare pasientar. I 2009 opptok denne typen pasientar nesten 8 av Helse Førde sine senger.

Det å ligge å vente på å få reise heim igjen frå sjukehus er ikkje tilfredstillande for pasientane samtidig som det er ressurskrevjande for helseføretaket. 8 senger utgjør ei betydeleg kostnad for føretaket.

Kartlegginga synte at det var variasjon både i korleis legane i føretaket forhold seg til kva som er ein utskrivingsklar pasient og korleis sjukepleiarane syte for kontakt med og informasjon til kommunane.

Mål for prosjektet

Kva for forbetringar håper de at prosjektet skal føre til?

Dette prosjektet vil derfor jobbe med å sikre og implementere einskaplege system som betrar rutinane i høve til utskriving av pasientar frå Helse Førde, til kommunane i Sogn og Fjordane.

Metodisk tilnærming/evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

I prosjektet vil ein gjennomføre ei systematisk kartlegging av alle dei somatiske sengepostane i Helse Førde. Denne kartlegginga vil vere delt mellom legeoppgåvene og sjukepleieoppgåvene. I prosjektet vil vi definere prosess- og resultatindikatorar for dei ulike tiltaka og endringane dei nye rutinane og praksisen for utskriving vil medføre. T.d. tal liggedøgn for pasientar og utskrivingsklare pasientar. Indikatorar for pasientopplevd kvalitet, og medarbeidaropplevd kvalitet. Desse vil bli monitort ved hjelp av statistisk prosesskontroll, SPC.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m.v.)

Prosjektet vil forbetre arbeidet internt i føretaket, gjennom felles rutinar og praksis. Ein vil lage og implementere einskaplege rutinar i heile føretaket.

- Det vil det bli laga ein felles praksis som sikrar implementering av definisjon for utskrivingsklare pasientar som er bygd på nasjonale reglar og kunnskapsbasert medisin.

- Det vil bli laga ein felles rutine for arbeidet sjukepleiarane gjer, knytt til utskriving av pasientar frå Helse Førde til kommunane i Sogn og Fjordane. Vi må sikre at denne rutinen/informasjonen er lett tilgjengeleg for dei tilsette og enkel å nytte. Her er det tenkt å nytte moglegheiter i DIPS og eventuelt vidareutvikle moglegheitene for system i her.

Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansvar osv

Prosjektet gjelder heile den somatiske verksemda i Helse Førde.

Erfaringar frå prosjektet vil ha nytteverdi for andre føretak og er særleg aktuell etter kvart som samhandlingsreforma eller liknande vil bli innført. God, føreseielege og einskapleg praksis frå føretaket vil såleis vere viktig. Korleis dette blir gjort og implementert i Helse Førde vil vere interessant for andre helseføretaket.

Endringar og forbetringar som vil bli gjort i DIPS, vil vere tilgjengelig også i andre føretak som nyttar dette systemet.

Oppstartstidspunkt (planlagt)

Februar 2010

Sluttidspunkt (planlagt)

Implementering august 2010 med måling av effektar hausten 2010